

1 Produksjonsskular er ein av vegane inn at i

2 arbeidslivet

3 Senterpartiet er oppteken av å vera nær folk i heile landet. Ungdommar er ein viktig del av folket!
4 Dessverre er det ikkje alle ungdommar som føler at dei passar inn i dagens skulegang, at dei har valt
5 feil eller dei ikkje passar inn i samfunnet. Tal frå NAV syner at 120 000 personar mellom 20 og 30 år
6 står utan arbeid og skule. Senterungdomen er uroa for det høge talet på personar som ikkje fullfører
7 vidaregåande opplæring og som vert uføre.

8

9 Vestland fylke er einaste fylke som har produksjonsskule som tilbod til ungdom utafor ordinær
10 opplæring. Dei har to skular, ein i Bergen med dagtilbod (09-15) for ungdom som bur i eller nær
11 byen, og ein i Hardanger med internattilbod på veker-basis. Hyssingen produksjonsskule i Bergen vart
12 oppretta i 2015 og er fullfinansiert av fylket, medan Hardanger produksjonsskule som starta i 2018
13 har vore finansiert 50/50 mellom staten ved Kunnskapsdepartementet og fylkeskommunen. Staten
14 har no avslutta denne finansieringa.

15 Ungdommane på både skulane arbeider på dagen i verkstader der dei får opplæring gjennom praktisk
16 arbeid og øvingar. Ungdommane vel sjølv kva verkstad dei vil vere tilknytt ut frå si interesse. Skulane
17 tilbyr eit breitt tilbod av linjer innan blant anna matfag, byggdrift, mekaniske- og kreative fag.

18 Gjennom dei 8 åra det har vore produksjonsskule i Vestland fylke, syner tala at 8 av 10 ungdommar
19 som gjennomfører eit opphald, kjem tilbake til skule, lære eller arbeid. Dette er gode tal då
20 ungdommane i produksjonsskulane ikkje er representative i lys av at dei ikkje har fått til ordinær
21 vidaregåande skulegang og falt ut av mange ulike grunnar.

22 Senterungdomen vil:

- 23 • Etablere produksjonsskular i alle fylker i Noreg etter malen til Vestland fylkeskommune
- 24 • Staten ved Kunnskapsdepartementet må gje øyremerka søkbare midlar til fylka for å
- 25 stimulere til ei nasjonal satsing på produksjonsskular.
- 26 • Ungdommane som går på produksjonsskular må også få same rettar og pliktar som elevar i
- 27 vidaregåande skule, slik at dei kan søkje Statens lånekasse om stipend/lån.

28

29 Innsendt av Hordaland og Sogn og Fjordane Senterungdom